



Ordensreglement for grunnskulen i Aure

Innhold

FORSKRIFT OM REGLEMENT FOR ORDEN OG ÅTFERD (ORDENSREGLEMENT) I GRUNNSKOLEN I AURE KOMMUNE	3
Innleiing	3
§ 1. Heimel.....	3
§ 2. Formål.....	3
§ 3. Verkeområde	3
Reglar og sanksjonar	3
§ 4. Generell orden og åtferd	3
§ 5. Tiltak for brot på ordensreglementet – sanksjonar.....	4
§ 6. Straffbare høve	5
§ 7. Orden og åtferd – konkrete høve	5
Saksbehandling.....	7
§ 8. Generelt.....	7
Når forskrifta trer i kraft.....	8
§ 9 Når forskrifta trer i kraft	8

FORSKRIFT OM REGLEMENT FOR ORDEN OG ÅTFERD (ORDENSREGLEMENT) I GRUNNSKOLEN I AURE KOMMUNE

(vedteke av Kommunestyret 24.juni 2010)

Innleiing

§ 1. Heimel

Dette ordensreglementet er gitt med heimel i Lov 17.juli 1998 nr 61 om grunnskolen og vidaregåande opplæring (Opplæringslova).

§ 2. Formål

Skolane i Aure kommune skal vere prega av samarbeid, trivsel, respekt og medansvar. Ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå denne målsettinga og for å sikre at skolesamfunnet skal vere ein arbeidsplass der alle trivst og får høve til å gjere ein god jobb. Ordensreglementet for skolane i Aure tek utgangspunkt i at skolen er til for elevane, og at elevane vil bruke dei positive ressursane sine til å nå målsettinga om eit godt skolesamfunn for alle.

§ 3. Verkeområde

Ordensreglementet omfattar alle grunnskolane i Aure kommune. I tillegg til eit felles ordensreglement, vert skolemiljøutvalet ved den enkelte skole gitt mynde til å gi utfyllande føresegnar og trivselsreglar for den enkelte skole. Ein kan ikkje fråvike fellesreglementet.

Ordensreglementet inneheld reglar for åtferd, reglar for tiltak som kan bli brukt overfor elevar som bryt reglementet, og reglar for framgangsmåten når slike saker skal bli behandla.

Skolane har ansvar for elevane i undervisning, under arrangement og ekskursjonar med meir, der elevane er under skolen si leiing. Dette inneber at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal, på skolevegen og når elevane har undervisning andre stader enn på skolen sitt område, til dømes i prosjekt, leirskole, studieturar.

Reglar og sanksjonar

§ 4. Generell orden og åtferd

Skolane i Aure kommune skal gi elevane gode høve til læring og utvikling. Det er difor viktig å skape eit godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette på den enkelte skole. Ei av dei viktigaste oppgåvene skolen har, i samarbeid med føresette, er å

sikre at elevane skaffar seg sosial dugleik som er naudsynt for å fungere i samfunnet. I skolane i Aure kommune set vi krav til barn og unge si åtferd. God om omsynsfull åtferd bidreg til eit godt samarbeidsklima, og dette er grunnlaget for eit godt læringsmiljø.

Alle elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet, blant anna alminneleg god folkeskikk. Det inneber at elevane skal:

- Vise omsyn og respekt for andre
- Halde arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga
- Møte presis til timar og avtalar
- Gjere skolearbeidet til avtala tid
- Halde god orden
- Halde skolen sitt område reint og ryddig
- Ta godt vare på alt som høyrer skolen til, både ute og inne, og stelle pent med skolebøkene og anna undervisningsmateriell
- Ta godt vare på personlege egedelar. Unngå å ta med verdisaker til skolen

Dette er ikkje tillate:

- Banning, slåsting og forstyrring av andre sin leik
- Rasistiske utsegner og handlingar
- Mobbing
- Seksuell trakassering
- Sjikane på grunn av religion eller livssyn

§ 5. Tiltak for brot på ordensreglementet – sanksjonar

Alle sanksjonane skal vere slik at elevane skal forstå kva for reglar som er brotne og kvifor skolen må reagere på dette. Eleven skal, om det er mogleg, bli gitt høve til å gjere opp for seg.

Brot på reglar som følgje av lov eller reglement kan bli sanksjonert etter reglane i § 5, viss ikkje anna er særskilt nemnt.

Skolane i Aure kommune vil normalt bruke følgjande sanksjonar mot brot på ordensreglane:

- Munnleg irettesetting
- Munnleg melding til foreldre/føresette
- Skriftleg irettesetting/åtvaring
- Skriftleg melding til foreldre/føresette
- Inndraging av gjenstandar som vert brukte på ein farleg eller provoserande måte. Inndratte gjenstandar kan leverast attende til foreldre/føresette
- Pålegg om å utføre oppgåver for å rette opp skade dei har påført skolen sin eigedom (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging og liknande)

- Vere til stades på skolen før eller etter skoletid i samband med samtalar med lærar/rektor og/eller utføring av pålagte oppgåver
- Bortvisning frå klassen/gruppa for resten av timen
- Bortvisning frå skolen for resten av skoledagen etter rektors avgjersle
- Bortvisning frå skolen for inntil 3 dagar for 8. – 10.årstrinn
- Midlertidig eller permanent klassebytte
- Midlertidig eller permanent skolebytte
- Melding om ulovlege høve til politiet
- Nedsett karakter i orden og åtferd

Som hovudregel skal det berre blir brukt sanksjonar som følgje av lov og reglement. Om særskilde grunner tilseier det, kan også andre mindre inngripande sanksjonar brukast. Ved brot på reglar som følgje av dei utfyllande ordensreglementa som skolemiljøutvala fastset, gjeld det same.

Sanksjonane skal stå i rimeleg høve til brotet på ordensreglane. Dette gjeld både for tiltak i det felles ordensreglementet for Aureskolane og for dei lokale ordensreglementa.

Elevane pliktar å overhalde sanksjonane. Dersom dei ikkje retter seg etter dette, kan det bli teke i bruk nye sanksjonar.

Fysisk refsing er ikkje tillate.

Kollektiv avstraffing skal ikkje nyttast for handlingar som er gjort av enkelte medlemmar av gruppa.

§ 6. Straffbare høve

Ut frå omsynet til orden på skolane, ivaretaking av elevane og dei tilsette, og som normgivande signal, skal straffbare høve meldast til politiet. Det kan dreie seg om naskeri, tjuveri, ran, rasisme, vald, valdtekt, utuktig omgang med mindreårige, lekamsskading, narkotika, utpressing, tvang, hærverk/skadeverk, trugslar og medbringning/bruk av våpen. Rektor utarbeider grunnlag for melding før rådmannen formelt sender melding til politiet.

Forholdet vil bli meldt til politiet uavhengig av om offer er elev eller tilsett. Rektor skal informere eleven sine føresette før melding blir utforma. Rektor må i kvart enkelt høve veie omsynet til den enkelte elev opp mot skolen sitt generelle ansvar for oppdraging, før grunnlag for melding til politiet blir gitt.

§ 7. Orden og åtferd – konkrete høve

§ 7-1 Ugyldig fråver

Elevane har plikt til å møte presis til undervisninga og plikt til å vere med i undervisninga i den forma ho blir gitt. Ugyldig fråver er brot på ordensreglementet og skal tilleggast vekt når ordenskarakteren skal fastsetjast. Det skal som hovudregel ikkje leggast avgjerande vekt på

enkelthendingar. Hovudgrunnlaget skal vere orden og åtferd siste halvåret (føresegn til Opplæringslova § 3-5). Ved sjukdom skal skolen ha melding så snart som mogleg.

Barn og unge har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Når det er forsvarleg, kan rektor etter søknad, gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Fråver utover dette er å rekne for at eleven er tatt ut av skolen. Eleven sine føresette må da dokumentere at barnet får tilsvarande opplæring i ein annan skole eller ved heimeundervisning.

Dersom eleven kjem for seint eller er ulovleg borte frå skolen, vil eleven sine føresette bli kontakta. Dei tiltaka som blir satt i verk, må sjåast i samanheng med årsaka, kvifor og eventuelt kor ofte eleven kjem for seint eller er borte frå skolen.

§ 7-2 Mobbing og valdeleg åtferd

Elevar som truar med vald eller utøver vald kan verte bortviste frå undervisninga/skolen. Lengda på bortvisningstida vil avhengje av elev sin alder (jf Opplæringslova §§ 2.10) og av alvorret i situasjonen.

Mobbing er fysiske- og/eller psykiske angrep som over tid er retta mot ein eller fleire elevar og/eller tilsette.

Mobbing, vald eller truslar om vald skal ikkje bli akseptert i skolane i Aure kommune. Den einskilte skole skal ha ei handlingsplan mot mobbing og vald, vedteken av skolemiljøutvalet.

Ved mobbing eller vald vil både elev og offeret sine føresette bli kontakta. Ulovlege høve vil bli meldt til politiet.

§ 7-3 Medbringning av farlege gjenstandar

På skolen sitt område er det ikkje tillate å ha med gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på andre, når det ikkje er sannsynleg at gjenstanden berre skal nyttast til andre, lovlege føremål.

Gjenstandane kan bli beslaglagt av skolen. Ulovlege gjenstandar skal bli overlevert politiet. Andre beslaglagde gjenstandar blir overlevert dei føresette.

§ 7-4 Rusmiddel

Det er ikkje tillate å ha med seg eller bruke tobakk, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skolen sitt område.

Ved brot på reglane vil dei føresette bli kontakta. Skolen kan beslagleggje rusmiddel eller tobakken. Tobakk og alkohol skal bli levert eleven sine føresette. Ulovlege rusmiddel skal overlatast til politiet.

§ 7-5 Hærverk på skolen sine bygningar og eigendelar som høyrer til skolen eller andre elevar

Forsettleg eller aktlaus skade eller hærverk på skolen sin eigedom og skolen sitt utstyr kan medføre eit erstatningskrav overfor dei føresette. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr, jf Lov om skadeerstatning §§ 1-1 og 1-2.

Elevar som driv med hærverk, kan påleggjast å rydde opp etter seg/utbetre skadar som er valde når oppryddinga består av arbeid som eleven meistrar, og arbeidet står i rimeleg høve til regelbrotet.

§ 7-6 Mobiltelefon og internett

Mobiltelefon skal vere slått av i undervisningstida. Dersom eleven bryt regelen for bruk av mobiltelefon, kan telefonen beslagleggjast for resten av skoledagen.

Skolen sin internetttilgang skal som hovudregel berre bli brukt i undervisninga. Dette gjeld også bruk av e-post. Denne regelen er ikkje til hinder for at skolen sin internetttilgang kan vere tilgjengeleg for elevar utanom den organiserte undervisninga.

Skolemiljøutvalet ved den einstilte skole skal vedta nettreglar for skolen, til dømes basert på reglar utarbeidde av Redd Barna.

Dersom elevane bryt reglementet, kan det føre til tiltak etter § 5. Ulovlege tilhøve kan bli melde til politiet.

§ 7-7 Fusk

Fusk eller forsøk på fusk får konsekvensar for vurdering/karakter i orden. Har elevn fuska i ein prøvesituasjon, vil prøven verte annullert.

Reaksjonsmåtar ved fusk på eksamen er regulert i forskrift til opplæringslova § 3-37.

Saksbehandling

§ 8. Generelt

Handsaming av brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova § 2-9, 4.ledd og § 2-10, 2.ledd, samt reglane for handsaming i Forvaltningslova kap III – kap VI ved enkeltvedtak.

Ved avgjersler som ikkje er enkeltvedtak, skal følgjande sakshandsamingsreglar uansett gjelde:

- Skolen plikter å sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg, og avgjersla skal treffast på eit grunnlag som er forsvarleg etter saka si art og karakter.
- Eleven skal varslast og få relevante opplysningar i saka med høve til å uttale seg før avgjerda treffast. I alvorlege saker skal føresette bli kontakta. Varslet kan bli gitt munnleg, men ved avgjersler av særleg vekt bør varslet bli gitt skriftleg.
- Avgjerda bør grunngjevast, og avgjersle om utvisning eller beslag av mobiltelefon skal alltid grunngjevast. Grunngjeving skal bli gitt samstundes med varsel om avgjersla til eleven, med mindre særskilte tilhøve gjer dette vanskeleg. Grunngjeving kan bli gitt munnleg, men ved saker av særleg vekt bør grunngjevinga skje skriftleg.

Når forskrifta trer i kraft

§ 9 Når forskrifta trer i kraft

§ 9-1. Denne forskrifta trer i kraft 01.08.2010.

§ 9-2. Reglementet for orden og åtferd, både det kommunale og det lokale, skal gjerast kjent for elevar, føresette/foreldre og tilsette kvart år ved starten på skoleåret. Dette ansvaret ligg på den enkelte skole. Reglementet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på skolen/kommunen sine nettsider.